

Nyheitsbrev til lag og organisasjonar

Oktober 2024

No er me midt i haustferien og de er godt i gong med arbeidet for denne hausten. Det er mykje som skjer og de bidrar til mange gode tilbod både for born, unge og vaksne. Dette er ein veldig viktig del av det som gjer Bømlasamfunnet til ein god stad å vakse opp, bu og bli gammal. Det håpar eg at me saman greier å fortsetja med også i tider kor økonomien er vanskeleg og det skjer heilt nødvendige endringsprosessar i kommunen vår som engasjerer og berører mange. Me treng kvar og ein – og me treng kvarandre. Årets tema for Verdensdagen for psykisk helse er #me treng å snakke meir saman #gi 8 minutter. Me oppfordrar difor alle til å ta ein telefon til nokon du bryr deg om – og å oppfordra folk rundt deg til å gjera det same.

Årleg dialogmøte mellom lag og organisasjonar og Bømlo kommune

Det årlege dialogmøtet mellom lag og organisasjonar og Bømlo kommune fann stad den 30.09.2024. Godt oppmøte og mange gode samtalar rundt borda gav etter mitt syn eit godt resultat av kvelden. Takk til dykk som tok dykk tid til å delta!

Referatet i frå møtet finn de på nettsida til Bømlo kommune:

[Samarbeid og dialog mellom kommunen og frivillige](#)

Verdsdagen for psykisk helse



Ein nasjonal befolkningskampanje om psykisk folkehelse, som blir markert over heile landet i veke 39-42 kvart år.

Verdensdagen for psykisk helse 10. oktober er en [internasjonal FN-dag](#) som blir markert i meir enn 150 land, på ulike måtar, for å fremja medvit om psykisk helse.

I Norge blir dagen markert med en nasjonal folkehelsekampanje som mobiliserer skoler, arbeidsplasser, organisasjonar og ildsjeler over hele landet til felles innsats frå veke 39-42 kvart år. Målet med den nasjonale kampanjen er å formidla kunnskap, forståing og openheit om psykisk helse, og mobilisera til engasjement og tiltak for den psykiske folkehelsa.

Årets tema er:

**Vi trenger å snakke mer sammen.
#gi8minutter**

Sett av 8 minutt kvar dag til å ringja nokon du bryr deg om. Det er enklare enn du trur, og betyr meir enn du anar.

I mange år har det funne stad ei stor markering for elevar i frå ungdomsskule og vidaregåande skule i Kulturhuset veka etter haustferien. I tillegg har det vore eit ope arrangement på kvelden. I år blir dagen ikkje markert på denne måten.

Me håpar likevel at Bømlosamfunnet tek oppfordringa med å spreia budskapet og me oppfordrar difor alle lag og organisjonar på ein eller annan måte å setje fokus på dette temaet. Det treng ikkje nødvendigvis vera neste veke fordi dette er eit tema som er aktuelt også andre veker.



Tilskuddsportalen

Innføring/kurs 18. november 2024 18:00-19:30

Informasjon om tilskotsordningar har vore ein viktig del av nyheitsbrevane dei siste åra og det skal det fortsetja å vera. Me har fått tilbakemelding på at informasjonen ofte kjem for seint og det skal me prøva å gjera noko med, men me ser samtidig at dette kanskje ikkje kjem til å hjelpa tilstrekkeleg.

Bømlo kommune har i fleire år abonnert på Tilskuddsportalen som er ei nettside som har samla svært mange tilskotsordningar på mange ulike områder. Denne portalen er gratis å bruka for lag og organisasjonar og har mellom anna ei ordning, kor dei tilskotsordningane som er interessante for dykk kan markerast, slik at de får tilsendt e-post direkte som minner om søknadsfristen når den nærmar seg.

For å hjelpa dykk i gong med, eller gjere det enda enklare for dykk å bruka portalen, inviterer me no til ei samling i Kommunestyresalen, der ein person i frå Tilskuddsportalen vert med online og informerer oss om korleis portalen er oppbygd, korleis den fungerer og muligheitane som finns. Det blir også høve til å stille spørsmål. Dersom nokon heller ønskjer å vera med heimanfrå, kan me ordne dette.

Kurset er gratis for lag og organisasjonar, men Bømlo kommune må betale for å få gjennomført kurset og det er difor nødvendig med påmelding innan 01.november. Dersom det ikkje er nok påmelde, kjem me til å flytte/avlyse kurset

[Påmelding kurs Tilskuddsportalen](#)

På dørterskelen

Me treng framleis innspel vedrørande tema som kan vera interessante å lesa for dei 500 mottakarane av informasjonsbrevet som Bømlo kommune sender ut i saman med Posten ein gong i veka. Har du tankar om kva me kan skrive om på side 1 (tema) eller tips om arrangement og aktivitetar som kan vera interessante for seniorar i Bømlo? Dersom me skal få inn eit arrangement, treng me informasjon om dette seinast 3 veker før arrangementet (på grunn av trykking og distribuering) – helst 4 veker.

Ta kontakt med Johanne på E-post: johanne.kristiansen@bomlo.kommune.no

Tilskot til integrering av born og unge 2025



Tilskotsordninga "Tilskudd til inkludering av barn og unge" er nå lyst ut for 2025. De finn informasjon på [Bufdirs sine nettsider](#).

Mål og målgruppe

Målet med tilskotsordninga er å leggje til rette for at alle barn og unge skal ha høve til meistring og samfunnsdeltaking. Tilskotsordninga skal bidra til utvikling av opne møteplassar, deltaking på ferie- og fritidsaktivitetar og fullføring av utdanningsløp. Målgruppa er born og unge i alderen fra 0 til og med 24 år som av ulike grunnar står i fare for å

hamne i utanforskap.

Kven kan søkja:

- Offentlige instanser
- Frivillige organisasjoner
- Private aktører

Frist for å søkja: 1. november 2024

Slik søker du:

- 1) Sett deg inn i [regelverket](#) og informasjonen på [nettsida](#) til ordninga.
- 2) Logg inn, fyll ut og send inn søknad i [Bufdirs søknadsportal for tilskudd](#). Frivillige organisasjonar og private aktørar skal nytta søknadsskjema 2. Søknaden skal knytast til ein deltakande kommune (sjå nettsida til tilskotsordninga for unntak i frå denne regelen). Det skal søkjast om tilskudd til ulike aktivitetstypar

Etter at du har sendt søknaden

Slik blir søknadane handsama:

Søknadar som er sende inn av andre aktørar enn kommunen sjølv skal rangerast av kommunen. Kommunen skal forankra rangeringa av søknadane på vedtakande politisk eller administrativt nivå.

Etter at kommunen er ferdig med rangeringa set Bufdir i gong med den endelege sakshandsaminga av søknadane. Det vil vera informasjon på Bufdir sine nettsider om forventa sakshandsamingstid.

Kontaktperson i Bømlo kommune:

Johanne Kristiansen

E-post: johanne.kristiansen@bomlo.kommune.no

Tel: 45 38 26 42

www.aktivitetforalle.no

Også på www.aktivitetforalle.no kan aktivitetar og arrangement for menneske i alle aldrar registrerast og delast.

Sjekk om ditt lag allereie er lagt inn på aktivitets/arrangøroversikten. Dersom de ikkje er det, registrer dykk som arrangør på <https://admin.aktiv-fritid.no/> Send meg ei melding om brukarnamnet og eg legg dykk til som admin. for aktivitetane/arrangementa dykkar. De kan då leggje inn arrangement sjølve i kalenderen.

Dersom dette blir for vanskeleg eller krev ressursar de ikkje har, hjelper eg gjerne til med å leggja inn arrangement i kalenderen.

Planarbeid og høyringar

Informasjon om planar og retningslinjer som ligg til høyring i Bømlo kommune, finn de alltid på Bømlo kommune sine nettsider under [Offentlege høyringar - innspel - Bømlo kommune](#)

No ligg følgjande planar/ retningslinjer ute til høyring:

[forskrift om skuleruta](#) - høyringsfrist 18. november 2024

[skulebruksplanen](#) - høyringsfrist 15. november 2024

[detaljreguleringsplan-for-bustadomrade-strandavegen](#) - høyringsfrist 01.11.2024

[reguleringsplan-bustad-og-naringsomrade-busthorn-hollund](#) høyringsfrist 13.10.2024

innspela kan sendast inn via høyringsportalen som de finn på nettsida som vist over.

Arrangement og viktige datoar

Samarbeidsmøte mellom Grendautvala i Bømlo kommune 22.10.2024 kl. 18:00-20:00

Kurs i bruk av Tilskuddsportalen.no - 18. november 2024 kl. 18:00-19:30

Tilskuddsportalen.no

Bømlo abonnerer på www.tilskuddsportalen.no slik at alle lag og organisasjonar som ønskjer det kan bruka portalen til å søkja etter tilskotsordningar som kan vera aktuelle for laget. I nyheitsbrevet prøver eg også å ta med viktige ordningar, men dersom de registrerer dykk som brukar (heilt gratis for laget) kan de abonnere på tilskotsordningar og få påminning om søknadsfristane når desse nærmar seg.

Søknadsfristar henta i frå tilskuddsportalen.no:

[Tilskot til sikring, istandsetjing og vedlikehald av freda og verna fartøy - Vestland fylkeskommune](#) 1.november

[Produksjons- og driftsstøtte - Aktivitetsmidler for kor](#) 15. november

[Tilskudd til tiltak mot rasisme, diskriminering og hatefulle ytringer 2025 - \(bufdir.no\)](#) 15.oktober

[LivOGLyst for lokalsamfunnsutvikling - Vestland fylkeskommune](#) 1. november

[Tilskudd til å forebygge og bekjempe vold i nære relasjonar - Konfliktrådet](#) 1.desember

[Tilskudd til forebygging av kriminalitet - Konfliktrådet](#) 1. desember

Det gjenstår det berre å ønskje ei fin tid framover!

Helsing

Johanne Kristiansen

Rådgjevar for folkehelse og frivilligheit